



Aure kommune
Postboks 33
6689 AURE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Astrid Buset, 71 25 85 41

Aure kommune

Fråsegn til høyring av kommuneplanen sin samfunnsdel 2021 - 2033

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og bygesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Aure kommune har lagt forslag til kommuneplanens samfunnsdel 2021 – 2033 ut til offentleg høyring og ettersyn. Kommunen har gjennom Kommunal planstrategi for planperioden 2020 - 2024 lagt viktige rammer og føringar for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Statsforvaltaren har tidlegare hatt denne til høyring; jf. vårt brev av 20.01.2020 (sak 2020/0058). Parallelt med dette vart det sendt ut oppstartsmelding og planprogram for arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel; jf. vårt høyringsfråsegn av 07.02.2020 (sak 2020/0071). Fleire av våre innspel og merknader i samband med desse høyringane peikar fram mot det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel, og vil såleis vere eint nyttig bakteppe og supplement i samband med denne høyringsfråsegna.

Kommuneplanen er kommunens viktigaste verktøy for samordna plan- og utviklingsarbeid. Plan- og bygningslova peikar på at kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel jf. PBL § 11. Ny kommuneplan (samfunnsdel) erstattar tidlegare kommuneplan frå 2003. Planlegging etter plan- og bygningslova (jf. § 1-1) skal fremje berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar. Det skal leggast vekt på langsiktige løysingar, og konsekvensar for samfunn og miljø skal gjerast greie for. Eit viktig prinsipp i plan- og bygningslova er den tette koplinga mellom samfunnsdelen og arealdelen.

Samfunnsdelen med mål og strategiar vil legge grunnlaget for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel, kommunedelplanar/strategiar i form av tema-, sektor- eller områdeplanar, samt ein eigen handlingsdel med direkte kopling til kommunens økonomistyringssystem etter kommunelova. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har på sine [nett sider](#) referansar til informasjon og rettleiarar som vil vere relevante for vidare arbeid med kommuneplanen.

Statsforvaltaren vil som i 2020 prioritere tett oppfølging av det strategiske planarbeidet i kommunane i 2021. Vidare arbeid med kommuneplanens samfunnsdel med mål, strategiar og tiltak vil her stå sentralt.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane, og ligg til grunn for dei statlege myndighetene sin medverknad i planlegginga. Nye [nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 - 2023](#) peikar på at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla vil i tråd med dette vere retningsgivande i samband med planstrategiarbeidet, og slik legge tydelege føringer for det vidare arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel med handlingsplan som følgjer budsjett og økonomiplanarbeidet.

Alle fagavdelingane/fagstabane hos Statsforvaltaren leverer innspel til våre høringsfråsegner. For ein nærmare gjennomgang av Statsforvaltarens rolle og ansvarsoppgåver knytt til kommunalt plan- og utviklingsarbeid viser vi elles [Statsforvaltarens forventningsbrev 2021](#) til kommunane i Møre og Romsdal. Dokumentet gir viktige rammer og føringer for kommunane sitt arbeid med den kommunale planstrategien og kommuneplanens samfunnsdel. Kommuneplanen som politisk utviklings- og styringsverktøy vil også vere eit hovudtema i samband med dei planlagde kommunedialogmøta i 2021.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Statsforvaltaren ser positivt på at Aure kommune tidleg i planperioden har starta arbeidet med utarbeiding av ny kommuneplan. Dersom kommuneplanens samfunnsdel skal vere eit viktig lokalpolitisk styringsverktøy, slik plan- og bygningslova og kommunelova legg til grunn, vil dette stille krav om at planen må vere direkte knytt opp til valperiodane og vedtakast tidleg i perioden.

Planutkastet tar utgangspunkt i FN sine berekraftsmål med dei tre dimensjonane knytt til miljømessig, sosial, og økonomisk berekraft. Innleiingsvis i plandokumentet blir det med berekraftsmåla som referanse vist til overordna utviklingstrekk og utfordringsbilde for kommunen som samfunn og organisasjon. Nasjonale og regionale føringer, samt kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilde er tidlegare også omtalt og drøfta i samband med utarbeiding utkast til communal planstrategi og planprogram for kommuneplanens samfunnsdel.

Planen rettar søkelys mot fire utvalde satsingsområde:

- Berekraftig utvikling, energi- og klimaplanlegging
- Levekår
- Infrastruktur og samferdsel
- Vekstkraftige lokalsamfunn og arealforvaltning.

Kvar av dei fire satsingsområda blir med referanse til utvalde berekraftsmål nærmare utdjupa og drøfta i forhold til dagens situasjon, hovudmål, delmål og strategiar. Samanhengen mellom dei ulike temaområda knytt til vidare oppfølging av overordna mål og strategiar er ikkje nærmare omtalt. Gjennom vidare arbeid med samfunnsplanens handlingsdel vil mål og strategiar kunne utdjupast vidare gjennom prioriterte tiltak med kopling til kommunens økonomistyring.

Dokumentet inneholder vidare eit eige delkapittel med skisse til ein overordna arealstrategi. Denne vil gi viktige rammer og føringar for vidare arbeid med kommuneplanens arealdel.

I den kommunale planstrategien blir det vist til at kommuneplanen sin arealdel frå 2017 skal rullerast i løpet av planperioden; jf. oppstart av planarbeid hausten 2021 og ferdigstilling hausten 2022.

Det har vore lagt opp til ein ryddig planprosess frå oppstartsmelding og planprogram med kopling til arbeidet med kommunal planstrategi med oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsnotat, fram til plandokumentet som no er lagt til høyring og offentleg ettersyn. Planutkastet inneholder likevel lite om opplegg og organisering av planarbeidet. Eit avsluttande kapittel om *Samarbeid for å nå måla* med referanse til FNs berekraftsmål nr 17 understrekar behovet for samarbeid og samhandling både internt i kommunen som samfunn og organisasjon, og eksternt retta mot eksterne samarbeidspartar.

Som vedlegg til plandokumentet er det vist til supplerande statistikk og kunnskapsgrunnlag elles. Eigne lenker til desse dokumenta vil lette informasjonstilgangen.

Kommuneøkonomi

Kommuneplanens samfunnsdel har fire satsingsområde som viser til ein tiltaksmatrise med prioritert opplasting av innspel/forslag til tiltak som kan oppfylle målsettinga i satsingsområdet. Statsforvaltaren oppfattar planen slik at prioriteringar av dei ulike tiltaka skal skje ved rullering av økonomiplanen.

Kommunelova uttrykker klart at kommunen skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir tatt i vare over tid (jf. kommunelova § 14-1). Frå eit økonomisk perspektiv kan kommuneplanen seie noko meir om samanhengen mellom tiltak for å nå dei langsigte måla og korleis dei skal integrerast i økonomiplanarbeidet.

Barn og unge

God og gjennomtenkt planlegging med deltaking frå alle aldersgrupper er nødvendig for å skape gode lokalmiljø og trygge oppvekstvilkår. I FNs barnekonvensjon (art. 12) heiter det i forenkla versjon: «*barnet har rett til å seie meininga si i alt som kjem det ved, og barnet sine meiningar skal det leggjast vekt på*». I ny kommunelov skal alle kommunar no etablere ungdomsråd, på lik linje med eldreråd og råd for funksjonshemma. Kommunen har her ei viktig oppgåve - å legge til rette for at ungdomsrådet får den opplæringa og oppfølginga dei treng. Vi ser at ungdomsrepresentantar har tatt del i nokre av arbeidsgruppene og er representert i prosjektgruppa. Vi vil oppmøde kommunen om å ta barn og unge med i utvikling av det vidare planarbeidet.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnet sin samla innsats for å påverke aktørar som direkte eller indirekte fremmar helse og trivsel i befolkninga, førebygger psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidning, eller som beskyttar mot helsetruslar. Folkehelsearbeidet skal arbeide for ei jamnare fordeling av dei faktorane som direkte eller indirekte har innverknad på helsa.

Folkehelselova krev at kommunane legg til rette for eit langsigtig og systematisk folkehelsearbeid, med blant anna krav om oversikt over helsetilstand og dei positive og negative faktorar som påverkar dette. Denne folkehelseoversikten skal ligge til grunn for kommunens planarbeid. Det vert vist til plan og bygningslova i innleiinga, men ikkje til folkehelselova §§5-7. Vi vil oppmøde

kommunen å lage ei oversikt slik lova krev. Det vil gi kunnskap som kan bidra til målretta innsats vidare framover.

Sosiale skilnader i helse er ei av våre største utfordringar framover. Kommunen viser til mål for å motverke dette. Det er særskilt minoritetar og familiar med låg inntekt som er representert i denne kategorien. Det er nødvendig med eit tverrfagleg tilnærming for å kome desse utfordringane i møte. Vi viser her til regjeringa sin samarbeidsstrategi for barn og ungdom i låginntektsfamiliar (2020–2023 [«Like muligheter i oppveksten»](#).

Psykisk helse skal inngå som del av folkehelsearbeidet. Det inneber at folkehelsepolitikken må rette større merksemd mot faktorar som påverkar den psykiske helsa i befolkninga. Det gjeld levekår, barnehage, skole og skolemiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltaking og forhold i nærmiljøet. Regjeringa kom i 2019 med [Opptrappingsplan for barn og unges psykisk helse \(2019-2024\)](#) som kan vere eit viktig bidrag i det vidare arbeidet.

I 2020 kom regjeringa sin handlingsplan for fysisk aktivitet; [Sammen om aktive liv. Nasjonal handlingsplan for fysisk aktivitet 2020 – 2029](#). Planen formidlar fysisk aktivitet som ei nasjonal interesse som bør følgjast opp gjennom den kommunale samfunns- og arealplanlegginga. Ei viktig oppgåve for kommunane vil her vere å legge til rette for gå- og aktivetsvenlege bu- og nærmiljø, og at det blir lagt til rette for etablering og vidare utvikling av leikeområde, natur- og friluftsområde, parkar og uteområde i den kommunale planlegginga.

Universell utforming

Universell utforming er ein nasjonal strategi for å gjere samfunnet tilgjengeleg for alle. Prinsippa er nedfelt i formålsparagrafen i plan- og bygningslova § 1-1. Universell utforming er eit sektorovergripande tema som vedkjem ei rekke samfunnsområde, og vil i tråd med dette gjerne inngå som eit gjennomgåande perspektiv i den kommunale planlegginga. For meir informasjon om universell utforming i planlegging viser vi til KMD/regjeringa sine heimesider

Arbeid med kommuneplanens samfunnsdel er eit godt tidspunkt for å følge opp universell utforming av strategiske val som ledd i samfunnsutviklinga i kommunen, sektorane si verksemd på dette feltet og behovet for særskilte grep når det gjeld vidare planlegging. Det kan gjelde lokaliseringsspørsmål og utbyggingsmønster i forhold til næringsutvikling, bustad, samferdsel, utdanning, arbeid, fritid, tettstadutvikling m.v.j.

Helse, omsorg og sosiale tenester

Kommunen peikar på at demografiske utviklingstrekk vil kunne gi utfordringar med å skaffe nok kvalifisert arbeidskraft. Vi vil presisere igjen at riktig og god kompetanse sikrar kommunane kvalitet i tenestene, effektiv bruk av ressursane og godt omdømme som ein attraktiv arbeidsplass.

Statsforvaltaren viser til nytt [Kompetanseløft 2025](#). Kompetanseløftet skal bidra til ei fagleg sterkt teneste og til å sikre at den kommunale helse- og omsorgstenesta har tilstrekkeleg og kompetent bemanning. Eit av dei fire strategiske områda er å rekruttere, behalde og utvikle personell med tiltak.

Kommunen viser til at talet på eldre over 80 år vil doble seg dei neste tjue åra. Talet på personar som blir ramma av demens vil auke til om lag det dobbelte i 2040. I desember 2020 blei ny [Demensplan 2025](#) lagt fram. Planen har fire hovudsatsingsområde, medbestemming og deltaking,

førebygging og folkehelse, gode og samanhengande tenester og planlegging, kompetanse og kunnskapsutvikling.

Samstundes med ny demensplan, blei [demenskartet.no](#) presentert. Dette vil vere eit nyttig verktøy for planlegging av helse- og omsorgstenester. Demenskartet viser kor mange personar som har demens på fylkes- og kommunenivå. I følgje demenskartet var det i 2020 2,88 prosent av innbyggjarane i Aure kommune som har ei demensdiagnose. Og i 2040 er det 4,80 prosent og i 2050 5,40 prosent som har ei demensdiagnose. Utviklinga i talet på personar som har ei demensdiagnose er mykje større enn tidlegare antatt, og det er viktig at det blir tatt omsyn til det i planlegginga.

I tråd med kvalitetsreforma *Leve heile livet* planlegg Aure kommune for eit aldersvennleg samfunn, der eldre kan meistre livet lenger og ha ein trygg og aktiv alderdom. Det er mellom anna vist til at det er få gang- og sykkelvegar for mjuke trafikantar. Det er viktige tiltak for ein trygg og aktiv alderdom og for folk i alle aldrar. I stortingsmeldinga (Meld.St.15 2007-2018) er det vist til at fysisk aktivitet er tiltak som har stort potensiale for å førebygge fall, tap av fysisk funksjon og kognitiv svikt og demens. Statsforvaltaren vil presisere at alle sektorar må bidra for å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre kan vere aktive og sjølvstendige. I all planlegging er det viktig med medverknad. *Seniortrakk* er eit døme på medverknad i planlegging av aldersvennleg lokalsamfunn.

Transport er ein av indikatorane som Verdas helseorganisasjon sitt nettverk har utvikla for å vurdere aldersvennlege samfunn. Kommunen viser til at kollektivtilbodet er avgrensa og i dialogmøta med kommunane i 2019 om *Leve heile livet*, tok kommunane opp utfordringane med transport. Det er derfor eit viktig element i dette arbeidet.

Sosiale tenester

Statsforvaltaren vil her, som i høyringssvar til oppstartsmeldinga i februar 2020 streke under NAV si rolle i kommunalt planarbeid. Kommunen er gjennom *Lov om sosiale tenester i NAV* pålagt å gjere seg kjent med innbyggjarane sine levekår og følge med på faktorar som kan skape eller oppretthalde sosiale problem. Kommunen i NAV har vidare plikt til å medverke til at sosiale omsyn blir tatt i lokal planlegging. Det er derfor viktig og nødvendig at NAV vert inkludert i aktuelle fora slik at kunnskapen blir tatt inn i kommunen sitt planarbeid (*sosialtenestelova* §§12,13)

Bustadsosialt arbeid

Ansvar og oppgåver knytt til bustadsosialt arbeid er delt mellom fleire sektorar og forvaltningsnivå. Kommunane har hovudsavaret for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Staten skal sikre gode rammevilkår. Frivillige og ideelle organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar. Brukarar, pårørande og interesseorganisasjonar skal involverast.

Ansavret for ein heilsakleg og tverrsektoriell bustadsosial innsats er heimla i ulike lover vedtekter. [Husbanken](#) er ein sentral samarbeidspart for kommunane i innsatsen for å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. [Statsforvaltaren](#) har i samband med dette ei viktig rolle knytt til samordning av av sektorovergripande oppgåver og verkemiddel.

I desember 2020 lanserte regjeringa ein ny bustadstrategi [«Alle trenger et trygt hjem»](#) Regjeringa vil rette innsatsen mot dei vanskelegstilte på bustadmarknaden og prioriterte grupper er barn og unge, personar med nedsett funksjonsevne og dei som står i fare for å stå utan bustad. I samband med dette er det no ei ny bustadlov ute på høyring, der kommunen sitt ansvar for bustadsosiale omsyn mellom anna i planlegging vil bli klargjort.

Natur- og miljøvern

Noreg har 24 [miljømål](#) fordelt på områda naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv, forureining, klima og polarområda. For tema «naturmangfald» er miljømåla:

- 1.1 Økosystema skal ha god tilstand og leve vere økosystemtenestar
- 1.2 Ingen artar og naturtypar skal ryddast ut, og utviklinga til trua og nær trua artar skal betrast
- 1.3 Eit representativt utval av norsk natur skal takast vare på for komande generasjonar

For tema «friluftsliv» er miljømåla:

- 3.1 Friluftslivet skal takast vare på og utviklast vidare gjennom ivaretakelse av allemannsretten, bevaring av viktige friluftslivsområde, og stimulering til auka friluftslivsaktivitet for alle
- 3.2 Naturen skal i større grad brukast som læringsarena og aktivitetsområde for born og unge


Regjeringa sine [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023](#) har til føremål å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet, og skal følgjast opp i arbeidet med kommuneplanar etter plan- og bygningslova. Vidare skal kommunane utarbeide arealstrategiar som del av samfunnsdelen til kommuneplanen. Arealstrategien skal leggast til grunn ved revisjon av arealdelen til kommuneplanen. Arealstrategien gir langsiktige og overordna prinsipp for arealbruken i kommunen, slik at arealplanane vert betre tilpassa behov og utfordringar som lokalsamfunnet står overfor. Kommunen må ved utarbeidinga av arealstrategiar følgje opp nasjonale miljømål og FN sine berekraftsmål. Kommunen har utarbeidd sin arealstrategi som eige underkapittel 5.5.

Kommunen må merke seg punkta i *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023* kap. 2 og 4, for å følgje opp nasjonale målsettingar for berekraftig samfunnsutvikling i tråd med FN sine berekraftsmål som skal ligge til grunn for samfunnsdelen:

- *kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga. Samla verknader blir tekne omsyn til.*
- *kommunane vurderer arealbruken i strandsona langs sjøen og i og langs vassdrag i eit heilskapleg og langsiktig perspektiv, og tek særlege omsyn til naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser.*
- *kommunane legg til rette for ei berekraftig utvikling i fjell og utmark og har særleg merksemda retta mot område med stort utbyggingspress. Dette skjer mellom anna ved å fastsetje langsiktige utbyggingsgrenser.*
- *kommunane legg til rette for gode leveområde for ville, pollinerande insekt gjennom planlegginga og drifta av areal.*
- *kommunane har ein aktiv og heilskapleg areal og sentrumspolitikk der dei legg vekt på å styrke sentrumsområda. Bustader, næringsverksemder, arbeidsplassar og tenestetilbod er lokaliserete i eller tett på sentrum, og det er godt tilrettelagt for kollektivtrafikk, syklistar og fotgjengarar.*
- *kommunane legg vekt på å sikre byrom og blågrøn infrastruktur med stiar og turvegar som sikrar naturverdiar og omsyn til overvatn og legg til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar for alle.*
- *kommunane sikrar bruks- og verneverdiane til vassdraga i planlegginga. Potensialet i vassdraga for trygg avleiring av overvatn og naturbasert demping av flaum skal utnyttast.*

Ved utarbeiding av planar for utbygging, som kommuneplanen sin arealdel, skal ein vurdere verknadene eller konsekvensane av planen for samfunn og miljø. Eit viktig grep, for å unngå negative miljøeffektar, er å vurdere arealdisponeringa etter tiltakshierarkiet (figur 1). Hovudprioriteringa er å **unngå** skadeverknader, deretter **avgrense, restaurere** eller **kompensere** som det siste alternativet.

Verken fleire av forventningspunktene knytt til naturmiljø og friluftsliv eller Noregs miljømål er synleg følgt opp i høyringsdokumentet sine satsingsområde, delmål eller arealstrategi. Arealdisponeringa bør spele på lag med naturen og ikkje i mot. Vi rår sterkt til at kommunen innarbeider mål om å oppretthalde, og om mogeleg gjenskape, økologiske nettverk mellom naturtypar, samanhengande blå-grøne strukturar og landskap i arealstrategien. Dagens verneområde vil kunne inngå som del av dette økologiske nettverket. Blå-grøn infrastruktur er ikkje berre naudsynt for naturmangfald, men er i tillegg verdifull for menneska, til dømes i klimatilpassing og for friluftslivet.



Figur 1 Tiltakshierarkiet (kjelde: <https://www.miljodirektoratet.no/>)

Vi vil vise til samfunnsdelen til kommuneplanen for Hustadvika kommune 2020 – 2032, som eit godt eksempel på korleis ein kan knyte hovudmål, delmål og strategiar for samfunnsutvikling og arealbruk saman på ein god måte.

Vi vil også minne om at ved planlegging av nye bustadområde, skal *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* leggast til grunn, slik at utbyggingsmønsteret bidrar til å redusere den bilbaserte persontrafikken og innbyggjarane har kort veg til tenester der dei bur.

Landbruk

Kommunen har ein stor andel som livnærer seg i primærnæringa, og det krev at arealforvaltninga blant anna tek omsyn til landbruket sitt noverande og framtidige næringsareal. Eit aktivt landbruk er vesentleg for å oppretthalde kulturlandskapet, det biologiske mangfaldet og evna til matproduksjon.

Norge har lite jordbruksareal pr. innbyggjar samanlikna med mange andre land. For å sikre matproduksjonen er det såleis viktig med eit sterkt jordvern. Nedbygging av jordbruksareal er langt på veg ein irreversibel prosess, og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. Kommunane er den viktigaste jordvernmyndigheita. *Plan- og bygningslova* og *Jordlova*, med til dømes § 8 om driveplikt, er verktøy som kommunen kan bruke for å nå målet om redusert tap av matjord og legge til rette for langsiktige og føreseielege rammevilkår for landbruksnæringa. Kommunen bør i samfunnsplana ha konkrete mål og føringer for korleis ein vil bidra til å nå dei nasjonale og regionale målsettingane om auka matproduksjon og redusert tap av matjord, og legge til rette for at næringa får gode vilkår for drift og utvikling.

Det er eit nasjonalt mål om at Norge skal auke matproduksjonen og sjølvforsyningssgraden i takt med folketalsauken. Kommunane må i planarbeidet legge til rette for at landbruksnæringa når den nasjonale målsettinga. I regjeringserklæringa halde i Stortinget 30. januar 2018, sa Statsminister Solberg at «*Regjeringa vil føre ein politikk som støtter opp om FNs berekraftsmål*». Eitt av FNs 17 berekraftsmål går blant anna ut på å utrydde svolt og oppnå mattryleglik, noko som sett krav til at vi

reduserer tapet av jordbruksareal i Norge og produserer mat på den jorda vi har. Koronapandemien har tydeleggjort viktigea av høg sjølvforsyninggrad og nasjonal matproduksjon.

Difor vil vi utfordre kommunen til å vurdere om lokal matproduksjon skal inngå som ein del av beredskapsarbeidet. Og vidare om det skulle vore eit vedteke lokalt mål om auka matproduksjon og sjølvforsyninggrad som ledd i å svare på det nasjonale målet om auka matproduksjon i takt med folketalsauken, og FNs berekraftsmål nr. 2 om å utrydde svolt i verda.

Eksempelvis vedtok Ålesund kommune vinteren 2021 sin samfunnsplan med følgande føringer for samfunnsutviklinga og rullering av arealplan; «*Jordvern skal prioriterast for å sikre areal til matproduksjon. Matjorda skal ikkje byggast ned, men bli disponert langsiktig og bli tatt vare på for kommande generasjonar. Auka sjølvforsyninggrad er viktig både ut frå beredskaps- og miljøomsyn, og for å sørge for trygg og rein mat til eige folk. Auka matproduksjon skaper i tillegg fleire og nye arbeidsplassar.*

Kristiansund kommune har nyleg vedteke ein arealstrategi som legg til grunn ein nullvisjon for nedbygging av landbrukets næringsareal.

Statsforvaltaren syner til at fleire arbeidsgrupper har kome med forslag om landbruksplan og omsynssone landbruk som viktige verktøy for landbruket. Statsforvaltaren støtter dette og tilrår utarbeiding av ein dynamisk landbruksplan med konkrete mål og tiltak i nært samarbeid med næringa.

Vi viser elles til Statsforvaltarens [heimeside](#) for meir informasjon, blant anna [kronikk](#) om norsk matproduksjon og meir informasjon om [jordvern og FNs berekraftsmål](#).

Klima

Klimaendringane er ei av dei største utfordringane i vår tid. Gjennom satsinga [klimasnu](#) jobbar Statsforvaltaren aktivt med å bidra til arbeidet med å redusere klimagassutslepp og tilpasse samfunnet til eit klima i endring. Målet med satsinga er mellom anna å styrke klimakompetansen i kommunane, utvikle fylket i ei klimavenleg retning for å nå lågutsleppssamfunnet og samtidig vere klar til å takle konsekvensane av klimaendringane. Vi forventar at alle kommunane i Møre og Romsdal prioritærer dette arbeidet. Statsforvaltaren ønsker å vere ein støttespelar når måla som er sett i kommuneplanens samfunnsdel innan klima skal realiserast. Vi viser til [Statleg planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing](#). Denne skal leggast til grunn for all planlegging.

Reduksjon av klimagassutslepp

Klima er ei av hovudutfordringane i denne planperioden. Skal ein lykkast med å snu utviklinga av global oppvarming i tide, er dette planperioden omstillinga må skje. Aure kommune har ikkje tenkt å lage eigen klima- og energiplan og klimaplanlegginga, men integrere klima- og energiplanlegging i kommuneplanens samfunns- og arealdel. For at samfunnsdelen skal kunne erstatta ein eigen klima- og energiplan bør kommunen sjekke at punkta i [rettleiari for klima-og-energiplanlegging](#) er inkludert. Eksemplar på kva som bør inngå er informasjon om energisystem og klimagassutslepp i kommunen fordelt på kjelder og sektorar. Det bør også vere med ei framskriving av klimagassutslepp om det ikkje gjennomførast nye tiltak. Vi rår også til at kommunen utarbeider meir konkrete mål for klimaarbeidet i tråd med [rettleiaren](#).

Det blir viktig at ein får på plass eit handlingsprogram som gjer kommunen i stand til å nå det langsiktige målet om lågutsleppssamfunn i 2050 samstundes som det raskt gjennomførast tiltak

som kan realiserast på kort sikt. Dette kan sikrast gjennom at klima blir ein integrert del av årelege handlings- og økonomiplanar. Har kommunen fornuftige tiltak i den gamle klima- og energiplanen som enda ikkje er gjennomført?

Det er positivt at kommunen utviklar ein arealstrategi. Arealstrategien kunne med fordel vore meir konkret på korleis ein skal få til klimagassreduksjon gjennom planlegginga. Korleis vil strategien verke inn på klimagassutsleppa? Også på dette området er det mykje god hjelp å få i [retteliaren](#). Dersom det er områder sett av til utbygging i dag, som ikkje enda er tatt i bruk, kan det vere nyttig å ta en gjennomgang av desse å vurdere om dei framleis er aktuelle for utbygging, eller om dei heller kan erstattast med fortetting i område som allereie er utbygd. Arealstrategien må gi klarare rammer og føringar på dette området dersom vi skal nå målet om lågutsleppssamfunn i 2050.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Det er vanskeleg å sjå av kommuneplanen sin samfunnsdel om denne er nytta til å oppfylle krava som vert stilt til heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, jf. forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3. Spesielt er dette aktuelt ettersom kommunen ved førra tilsyn med kommunal beredskapsplikt i 2019 fekk avvik på denne paragrafen. Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit godt og naturleg dokument å nytte til å drøfte langsigtige mål og strategiar i kommunen sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Til dømes at planen skildrar korleis kommunen med bakgrunn i funn frå heilskapleg ROS-analyse vil legge til rette for tryggleik for innbyggjarane, robuste samfunnsfunksjonar og ein effektiv beredskap i planperioden.

Om kommuneplanen ikkje vert nytta til å tilfredsstille dette kravet, eller deler av kravet i § 3, må kommunen sikre dette gjennom eit anna dokument i kommunen sitt overordna styringssystem, og som tilsvarande legg til rette for at ulike sektorar i kommunen arbeider heilskapleg og systematisk med samfunnstryggleik og beredskap.

Konklusjon

Aure kommune har levert utkast til kommuneplanens samfunnsdel 2021 – 2033. Kommunen tar utgangspunkt i at FNs berekraftsmål skal leggast til grunn for å fremje miljømessig, sosial og økonomisk berekraft. Dette dannar utgangspunkt for drøfting av lokale utviklingstrekk og utfordringar status, mål og strategiar knytt til fire utvalde satsingsområde.

Planen er kortfatta og litt knapp på nokre temaområde. Gjennom vidare planarbeid vil det kunne leggast til rette for at overordna mål og strategiar på ulike tema- og satsingsområde vil kunne utdjupast, konkretiserast og følgast vidare opp gjennom kommuneplanens handlingsdel med økonomiplan.

Planutkastet inneheld skisse til ein overordna arealstrategi. Også denne bør konkretiserast med tanke på å gi viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet med kommuneplanens arealdel.

Samfunnssdelen vil gjennom vidare justering og tilpassingar kunne utviklast til eit godt verktøy for ei langsiktig og strategisk planlegging av kommunen som samfunn og som organisasjon.

Vi viser til merknadene over der vi peikar på nokre sentrale føringar for kommunen sitt planarbeid. Vi ber om at dette blir tatt omsyn til og innarbeidd i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Vi ønsker lykke til med planarbeidet og minner om at Statsforvaltaren her vil vere ein viktig medspelar.

Med helsing

Sveinung Parr Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Kommuneøkonomi: Anne Thorsrud, tlf. 71 25 84 16

Barn og unge, folkehelse: Anne Mette Nerbøberg, tlf. 71 25 85 28

Helse og omsorg: Greta Irene Hanset, tlf. 71 25 85 47

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Klima: Anne Melbø, tlf. 71 25 85 15

Kopi til:

Statens vegvesen	Postboks 1010 Nordre Ål	2605	LILLEHAMMER
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091, Majorstua	0301	OSLO
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND